


# BOKN BYGDEBLAD

---

Nr. 8. - sept. 1986 årg. 1

---

## Bokn har fått kommunevåpen



Dette kommunevåpenet vart god  
kjent for Bokn i statsråd den  
8. AUGUST 1986.

## BOKN HAR FÅTT KOMMUNEVÅPEN

Det tok 4 år frå formannskapet i 1982 ba kulturstyret ta opp saka om kommunevåpen for Bokn, til våpenet vart godkjent i statsråd den 8. august 1986.

Det er ikkje uvanleg at slike saker dreg ut i tid. Grunnen til dette er fleire. Ofte skal det utlysast tevlingar om å teikna utkast til motiv for våpen. Dette skal så til gjennomsyn og vurdering av ein jury. Det stillest også visse krav for at eit motiv til kommunevåpen kan godkjennast. M.a krev Riksarkivet at det ikkje skal vera meir enn eitt motiv i våpenet. På den måten kan det bli mykje fram og tilbake før ein endeleg kan ha eit motiv som endeleg kan godkjennast og brukast som kommunevåpen.

Ordlyen frå kommunal og arbeidsdepartementet ved oversending av godkjent kommunevåpen var slik:

Vedtak av Bokn kommunestyre den 24. september 1985 om våpen og flagg for kommunen vert godkjent. Bokn kommunes våpen skal vera: På blå grunn seks sølv myntar, 1-2-3.

Bokn kommunes flagg skal vera: På blå grunn seks kvite myntar, 1-2-3.

I det foredraget som ligg til grunn for resolusjonen, er det teke inn ei fråsegn frå Riksarkivaren der det m.a. heiter:

Det våpenet som Bokn kommunestyre har vedteke er eit heraldisk korrekt våpen. Såvidt ein kan sjå, vil det ikkje krenkja rettane til

andre våpeneigarar som ein må ta omsyn til.


Riksarkivet kan derfor rå til at våpenet vert stadfest som kongeleg resolusjon.

Våpenet er teikna av Alf Axelsen ved Dreyer Bok.

Det som nå vil skje, er at kommunevåpenet om ei tid vil bli trykt på alle kommunen sine nye brevpapir, konvoluttar o.l. Det er også vanlegvis på ei rekkje andre område kor kommunevåpenet blir nytta som eit kjenneteikn og symbol for kommunen. Det kan vera flagg, stempel, skilt ved innfartsvegar osv.



Stempel



Flagg

## Idébanken gir resultat

I 1984 ble det på Bokn oppretta en Idébank etter mønster og inspirasjon fra en tilsvarende "bank" i Ølen kommune.

Formannskapet ble Idébankens styre, godt assistert av SR-banks Birger Federsen og næringskonsulent Stein Allendal.

En kjørte optimistisk ut med folkemøte og god tro på boknarars fantasi, kreativitet og pågangsmot.

Det ble imidlertid fort stille og Bokn Bygdeblad har undret seg:

Ble Idébanken en døgnflue, var det kun en moderne tanke i tiden som kom og forsvant? Eller jobber den kanskje i det skjulte?

Riktignok skulle alle tanker, tips og idéer behandles strengt konfidensielt, men noe måtte en da få vite. Og det fikk vi.

Rådmann Nygaard kunne heldigvis berolige oss -- det hadde skjedd noe! Om enn ikke akkurat, gjennom de kanaler en hadde tenkt seg da Idebankstyret ble konstituert. På samme tid som Idébanken oppstod, ble nemlig næringskonsulent Stein Allendal ansatt i Bokn kommune. Og da Idébankens styre, formannskapet, allerede var nok belastet med kommunale saker, falt det naturlig å trekke inn næringskonsulenten som kunne sitt fag, hadde erfaring, kontortid og som var meget tent på oppgaven!

Ifølge Nygaard har det vært liten respons på Idébanken, men den har faktisk "født to barn" siden starten i 1984. Disse er kiosken "Aurora A/S", innehavere Linda Jensen og Jonne Holm og Bokn Mekaniske Verksted og Harald Nygårds utvikling av et nytt produkt, kalt "U-klammeret".

Alle kjenner vel kiosken på kaia i Føresvik. At den har vært lenge etterlengta av både boknarar som vil ha seg en kopp kaffe og en drøs og av gjennomreisende med to timers ventetid på båt, hersker det vel ingen tvil om! Ifølge innehaverene har det gått over all forventning og de fikk den støtte de trengte gjennom Idebanken.

Bokn Mekaniske Verksteds "U-klammer" er nettopp sluppet ut på markedet og en har allerede fått en prøvebestilling på 3.500 klammer. "U-klammeret" er mønsterbeskyttet og forhandles av NEBB. Kort fortalt benyttes klammeret til rørklamring, særlig for instrumentering og hydraulikk.

Rådmann Nygaard understreker at ingen idé, tanke eller tips er for lite for Idébanken. Der blir det seriøst og konfidensielt

## Idébanken.. framh.

behandlet. Kanskje kan andre ta opp din idé og utvikle den videre dersom du selv ikke ønsker å gjøre det. Mulighetene er mange.

En har dessuten vært inne på tanken å arrangere mere jevnlig møter om idébankarbeidet for å holde Idébanken "varm" og som inspirasjonskilde. To hoder tenker som kjent bedre enn ett... Den 21. oktober vil det i regi av SR-bank Bokn arrangeres et slikt møte. Her vil en prøve å gjenoppfriske idébanktanken og prøve å drive arbeidet videre.

Bokn Bygdeblad ønsker Idébanken og alle boknarar lykke til med idéene sine!

## LANGTIDSBUDSJETT 1987-1989

Ut frå den store usikkerheten som ein har i tala både når det gjeld utgifter og inntekter, m.a. som ein følgje av det nye inntektssystemet samt driftsutgifter og driftsinntekter ved Kombibygget/sjukestova, har ein ikkje tatt stilling til dei einiskilde postane i langtidsbudsjettet. Ein kan likevel merka seg at kommunen sin økonomi vil bli stramare i åra som kjem. Utbygging av Kombibygget har redusert kommunen sitt kapitalfond vesentleg.

Tal:

rammer for brutto driftsutgifter i 1986 - prisar

	1987	1988	1989
H.K. 1.1. Sentraladministrasjonen	1.242.800	1.384.800	1.349.800
H.K. 1.2. Undervisning inkl. barnehage og musikkskule	3.976.100	4.026.100	4.021.800
H.K. 1.3. og 1.4. Helse og sosial	3.618.200	4.223.600	4.223.600
H.K. 1.5. Kyrkje og kultur	415.200	425.400	435.500
H.K. 1.6. Teknisk etat	1.371.100	1.330.500	1.323.100
H.K. 1.7. Forretningsdrift	173.200	173.200	173.200
H.K. 1.8. Ymse utgifter ÷ renter	281.200	281.200	281.200
Sum 1.1. - 1.8. (÷ renter)	11.077.800	11.844.800	11.808.200
Renter og avdrag på lån	664.500	1.210.500	1.348.700
Diverse finansieringsutgifter	100.000	100.000	100.000
Samla driftsutgifter	11.842.300	13.155.300	13.256.900

rammer for brutto driftsinntekter i 1986 - priser

	1987	1988	1989
H.K. 1.1. Sentraladministrasjonen	115.900	206.900	209.900
H.K. 1.2. Undervisning inkl. musikkskule og barnehage	137.000	137.000	137.000
H.K. 1.3, og 1.4. Helse og sosial	1.697.100	485.200	485.200
H.K. 1.5. Kyrkje og kultur	18.500	18.500	18.500
H.K. 1.6. Teknisk sektor	396.800	390.800	396.800
H.K. 1.7. Forretningsdrift	143.000	143.000	143.000
H.K. 1.8. Ymse	140.500	140.500	140.500
Sum driftsinntekter 1.1. - 1.8.	2.648.800	1.521.900	1.530.900
Skatter	3.496.000	3.546.000	3.596.000
Driftstilskott	5.876.000	8.137.000	8.193.000
Samla driftsinntekter	12.020.800	13.204.900	13.319.900
Netto driftsresultat	178.500	49.600	63.000

Følgjande plan for investeringsutgifter og investerings-  
inntekter

	1987	1988	1989
Allmenningskai i fiskerihavna	1.300.000		
Knarholmvegen	495.000		
Felles kloakkledning	500.000		
Leige av konsulent	300.000	50.000	50.000
Tilrettelegging av industrikai		500.000	500.000
Alvestad Sør - Kjøp av tomtegr.		130.000	
Småbåthavn - grunnkjøp		20.000	
Klargjering av gravfelt		20.000	20.000
Ny veg til Kombibygget		150.000	335.000
Innløsing av veggr. og utbetr.		30.000	50.000
Slamlagune på søppelplass		40.000	
Diverse uspesifiserte anlegg		60.000	45.000
Sum nyanlegg	2.595.000	1.000.000	1.000.000
Tomtesal	80.000	80.000	80.000
Låneopptak	650.000	650.000	650.000
Tilskott	1.570.000	275.000	275.000
Bruk av fondsmidler	195.000	0	0
Overskott frå drifta	178.500	49.600	63.000
Sum anleggsinntekter	2.673.500	1.054.600	1.068.000
Sluttresultat	+ 78.500	+ 54.600	+ 68.000

## LANGTIDSBUDSJETT 1987-1989

Spørsmålet om heildagsbarnehage frå 1987 dominerte debatten i kommunestyret.

Bokn kommunestyre hadde i siste møte den 16. september langtidsbudsjettet oppe til handsaming.

Kommunestyret vil i langtidsbudsjettperioden prioritera desse oppgåvene:

- Ny veg til Kombibygget må prioriterast utbygd i 1987.

- Ny stilling ved teknisk etat som m.a. skal ha gravarfunksjon på kyrkjegarden, bør opprettast i 1986. Konkrete arbeidsoppgåver elles må avgjerast ved handsaming av ein organisasjonsplan for teknisk etat.

- Ingeniørstilling ved teknisk etat vert førebels utsett, og må sjåast i samanheng med ein organisasjonsplan for teknisk etat. (Vedtatt mot ei røyst)

Sigurd Johnny Svendsen kom med dette framlegget :

- Det bør snarast råd utarbeidast organisasjonsplan for teknisk etat.

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

Det heitte vidare i saksframstillinga frå rådmannen at dei totale utgiftene til helse- og sosialsektoren vil bli nærare avklart gjennom helse- og sosialplanen for kommunen som nå er under arbeid.

Normalt er det dei store linene og spørsmålet om kva utvikling ein skal ha i kommunen framover på dei ulike sektorane, større investeringar o.l. som dominerer eit langtidsbudsjett. I debatten om langtidsbudsjettet i kommunestyremøtet, var det særleg spørsmålet om utviding av barnehagen til heildagsbarnehage, som verkeleg fekk debatten i gang.

Svein Ivar Langhelle sette fram slikt framlegg:

- Spørsmålet om utvida åpningstid i barnehagen og heildagsbarnehage må vurderast i samband med årsbudsjett for 1987.

AP sine tre representantar hevda alle at barnehagen er eit gode både for barn og foreldre, medan dei tre representantane frå Kr. F. alle var skeptiske til om heildagsbarnehage kunne seiast å vera eit gode for barna. Finn Kro meinte også at nå verka det som at ein ville ha barnehage for foreldra sin del. Tidlegare var det behovet for barna som hadde vore nemnt i samband med barnehageutbygging, nå var det dette at foreldra ville ut i arbeid.

Både Bertha Våge og Ingolf Kro sa at det var eit gode å ha tilbod om heildagsbarnehage, og støtta framlegget frå Svein Ivar Langhelle om å vurderer utviding til heildagsbarnehage i samband med årsbudsjettet for 1987.


Då framlegget kom til avrøysting, fekk det 8 røyster. Det var 7 som røysta mot. Dei som røysta mot var Kr.F. sine tre representantar, tre frå Høgre og ein frå Senterpartiet. Saka vil nå koma opp att seinare i haust i samband med neste års budsjett.

Ingolf Kro peika elles på at han ikkje hadde noko tru på at ein kunne rekna med noko nedgang i utgiftene til helse- og sosialsektoren i åra framover. Rådmannen hadde i langtidsbudsjettet sagt at med samordning av heimesjukepleie/heimehjelp og tenestene ved sjukestova kunne ein gjera visse innsparingar.

Eit framlegg frå Per Alvestad om ny veg frå Alvestadkroken til Knarholmen vart oversendt formannskapet.

# LESETIPS FOR OKTOBER:

- \*Björnstad, Ketil:  
G-moll-balladen. Om Edvard Grieg.
- \*Mohn, Albert Henrik:  
En kiste fra Afganistan. 1986.
- \*Hauge, Knut:  
For lenge sidan: stemningar og streif  
frå ei tid som var. 1986.
- \*Hjorth, Vigdis:  
Gjennom skogen. 1986.
- \*Gill, B.M,  
Tolvtemann i juryen. Krim. 1986.
- \*Hussain, Khalid:  
Pakkis. 1986.



## OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>  
 TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>  
 tf. 748465



## NYE bøker for barn:

- \*Nilsson, Ulf:  
Den frekke kråka. 1986.
- \*Peterson, Hans:  
Morten flyr til London. 1986.
- \*Stark, Ulf:  
Jeg tar slansen. 1985.
- \*Svedelid, Olov:  
Betongrosene og millionkuppet. 1985

NB! NB! HUGS DET ER

Barnebokaksjoner  
 13.-19. oktober 1986  
 ↓

# Barnebokveke

## 13.-19. oktober

også i biblioteket vårt. Radio og TV vil denne veka, i oktobe bruke mykje tid på barnebøker. Dersom du får lyst til å lese meir om bøker du berre får høyre litt om, må du kome i biblioteket ein tur. Kanskje bøkene er her? Dersom ikkje kan eg skaffe ho til deg.

I biblioteket vert det og gjort litt ekstra for å at du skal få lyst til å koma ofte igjen. Nye bøker vil du få sjå, og kanskje det og vert nye klistremerke å få for dei som tek ein tur innom.

VEL MØTT TIL EIN BOKPRAT!

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - OKT. - 86.

Lør. 4.okt. Søn. 5	Else Kristine Nilssen har vakt heile helga.	
Man. 6 Tir. 7 Ons. 8 Tor. 9 Fre.10	Else Kr.Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08 mandag og tirsdag.Else Kr.Nilssen vakt frå kl.16-08 onsd. og torsd.Gunn Gr.stad fred.
Lør.11 Søn.12	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man.13 Tir.14 Ons.15 Tor.16 Fre.17	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.alle dagar ubntatt tirsdag.	Else Kr. Nilssen har vakt frå kl.16-08.
Lør.18 Søn.19	Else Kristine Nilssen har vakt heile helga.	
Man.20 Tir.21 Ons.22 Tor.23 Fre.24	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag.	Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08.
Lør.25. Søn.26	Else Nilssen har vakt heile helga.	
Man.27 Tir.28 Ons.29 Tor.30 Fre.31	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag.	Else Kr. Nilssen har vakt frå kl16-08-
Lør. 1.nov. Søn. 2	Else Kristine Nilssen har vakt heile helga.	

MERK.

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieoppdrag.  
Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekontoret tlf. 74 84 65.

LEGE.

Dr. Aune er her kvar tirsdag.  
Hugs også at turnuskandidaten Kjem 2. og siste fredagen i kvar månad.  
I oktober 10. og 24.

TELEFONAR:

ELSE NILSSEN 74 83 38  
GUNN GR.STAD 74 85 93  
ELSE KR.NILSSEN 74 83 38  
LEGEKONTORET 74 84 65

\*\*\*\*\*

LEGEVAKTTENESTA:

For del som ønskjer å kontakta legevakta direkte utan å gå om heimesjukepl., er tlf. nr.85 25 20 Koper-vik kvaedagar mellom kl. 15-08. Lørd./Sønd.døgnvakt.





NYTT FRÅ

## BOKN TRYGDEKONTOR

### TILLEGSPENSJON I FOLKETRYGDA

For å få tilleggspensjon frå folketrygda må pensjonisten ha hatt arbeidsinntekt i minst tre år etter 1966, og i kvart av åra må inntekta ha vore større enn grunnbeløpet i folketrygda for det same året. For kvart år med slik arbeidsinntekt blir det rekna ut pensjonspoeng. Det er likningsstellet som fastset pensjonspoenga, og poenget står oppført på skatteseddelen.

Storleiken på tilleggspensjonen er avhengig av:

- oppteningstid(antal år som har gitt poeng).
- kor stor arbeidsinntekta har vore i oppteningstida.
- kva år pensjonisten er fødd.

Dei som fyller 67 år i 1986, kan i høgda ha tent opp poeng i 19 år. Ein kunne ikkje tena opp pensjonspoeng før 1967.

For å få full tilleggspensjon må ein som hovudregel ha 40 år med pensjonspoeng. Det er likevel gjort unntak frå denne hovudregelen for dei som er fødte før 1937:

Alle som er fødte før 1918, får tilleggspensjonen sin utrekna som om full oppteningstid var 20 år(og ikkje 40). 17 poengår gir derfor 17/20 av full tilleggspensjon.

Dei som er fødte i 1918, får tilleggspensjonen sin utrekna som om full oppteningstid var 21 år. Dei som er fødte i 1919, får tilleggspensjonen sin utrekna som om full tid var 22 år osv. (Dei som er fødte i 1919 og tek ut pensjonen ved fylte 67 år, får derfor berre 19/22 av full pensjon. Dei som er fødte i 1936, får tilleggspensjonen sin utrekna som om full oppteningstid var 39 år.

Alle desse unntak gjeld likevel berre den arbeidsinntekta som ikkje overstig fem gonger grunnbeløpet i kvart einskilt år. Har inntekta vore høgre enn denne grensa- og opp til 12 gonger grunnbeløpet - gjeld hovudregelen om at det krevst 40 poengår for at ein skal få rett til full tilleggspensjon.

#### FULL TILLEGGSPENSJON BLIR ETTER HOVDREGELEN UTRKNA SLIK:

GRUNNBELØPET X GJENNOMSNITTS-  
POENGTAL X 0,45

Med gjennomsnittspoengtal meiner vi her gjennomsnittet av poengtala i alle poengåra pensjonisten har. Dei som i framtida har meir enn 20 poengår, får medrekna dei 20 høgaste poengtala. Det årlege poengtalet blir fastsett slik:

Arbeidsinntekta (Den pensjongs-givande inntekta) blir først redusert med grunnbeløpet som gjeld det året. Deretter blir arbeidsinntekta delt med grunnbeløpet. Er t.d. arbeidsinntekta eit år 120.000,- og grunnbeløpet 28.000,- blir poengtalet 3,29.

Arbeidsinntekt som er større enn tolv gonger grunnbeløpet, blir ikkje rekna med, og berre ein tredel av arbeidsinntekta som er større enn åtte gonger grunnbeløpet, blir rekna med. Det høgaste poengtal ein kan få er derfor 8,33.

Både poengoppteninga og tilleggspensjonen er knytt til grunnbeløpet. Dermed blir både opptent pensjonsrett og årleg pensjon justert i samsvar med endringane i grunnbeløpet.

Eit eksempel:

NYTT FRÅ BOKN TRYGDEKONTOR  
framhald

N.N er fødd i 1920. Han blir såleis 67 år i 1987. Han har då 20 poengår, og vi seier at han i desse åra har samla seg opp 68,79 poeng. Av desse 20 åra har han hatt 8 år med over 4 poeng, og 12 år med under 4 poeng. Det som er over 4 poeng skal utreknast som om full tid er 40 år.

Vedkomande ville då få slik tilleggs pensjon:

Grunnbeløpet	
$\frac{\text{kr.}28.000 \times 0,45 \times 3,31 \times 20}{23 \times 12}$	=kr3.022,-
Grunnbeløpet	
$\frac{\text{kr.}28.000 \times 0,45 \times 0,13 \times 20}{40 \times 12}$	=kr 68,25
Tilleggs pensjon	
i alt pr. måned:	<u>kr3.090,25</u>



Med helsing  
BOKN  
TRYGDEKONTOR

## HØST

Treet brenner  
uten å  
brenne opp  
i høstens  
flammer.  
Frå rot  
til  
topp.  
Ta av deg  
skoene  
du står  
på hellig  
grunn  
treet brenner  
en stund.

Dette er eitt av Nanna Olaussen sine mange dikt i diktsamlinga Myke verdier som kom ut i fjor. Er til salgs på Handelslaget .

## Bokn kommune kjøper datautstyr

Bokn kommunestyre gjorde i siste kommunestyre vedtak om å gå til innkjøp av datautstyr for kr. 94.300,-. Kommunen vil få eit tilskot frå fylkeskommunen til dette utstyret på kr. 20.000,-, slik at nettoutgifta vil bli kr. 74.300,-. Utstyret skal brukast til tekstbehandling og onlinekontakt til Rogalandsdata for kjøring av rekneskap, budsjett og løn.

Det ein vil få er altså komplett tekstbehandlingsutstyr for formannskapskontoret, og to terminalar som er tenkt plassert hos kommunekasserar og rådmann. Ein vil med dette utstyret kunna kjøra skatterekneskap, løn, rekneskap og budsjett på dette utstyret til ein pris av kr. 100.000,- pr. år.

## STYRARSTILLINGA VED BOKN SJUKE- STOVE

Skal kombinerast med stillinga som heimesjukepleiesjef.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 16. september at stillinga som styrar ved Bokn sjukestove skal kombinerast med stillinga som heimesjukepleiesjef.

Grunnen til dette er m.a. at ein vil prøva å få til ei best mogeleg utnytting av tenestene ved sjukestova og i den såkalte åpne omsorga, og at ein skal kunna ha betre oversyn og kontroll over behov for tiltak i heile kommunen. Ein meiner såleis at det er både faglege og økonomiske årsaker til at stillinga skal kombinerast.

## FRAMDRIFTSPLAN

RIKSVEG 512 SUSORT-ARE

Vegvesenet har laga ein framdriftsplan for den nye riksvegen som skal gå gjennom Bokn. Denne planen viser at det skal lagast molo på Are i 1986 og 1987. Som kjent er dette arbeidet nå godt i gang. Vidare skal vegen på Susort gjerast ferdig i slutten av 1986 og i heile 1988.

Den søndre delen av vegen på Austre Bokn skal utførast i slutten av 1987, i 1989 og i 1990. Veg på Vestre Bokn skal utførast i slutten av 1987, i 1990 og i første del av 1991. Det er sannsynlegvis veg i tilknytning til brua over Boknasundet som skal gjerast ferdig i 1987, slik at ein kan nytta brua når den er ferdig i 3. kvartal 1989. Arbeidet med denne brua skal starta først i 1988.

Veg over Ognøy skal byggjast siste del av 1988 og første del av 1989. Bru over Frekasund skal utførast frå først i 1988 og vera ferdig sommaren 1990. Bru over Ognøysundet skal utførast frå slutten av 1989, og vera ferdig våren 1991.

Dersom Vegsjefen sitt framlegg om å forsera heile prosjektet med 1 år går gjennom, kan ein flytta alle ovannemnde årstal 1 år fram. Dvs. at heile prosjektet i så fall blir ferdigstilt sommaren 1990 i staden for 1991, og at t.d. bru over Boknasundet vil vera ferdig i 3. kvartal 1988 i staden for 1989. Spørsmålet om forsering av prosjektet med 1 år har sjølvsagt stor betydning for Bokn kommune. Ennå er det ikkje tatt avgjerd om kor vidt denne forseringa blir realisert.

Som vanleg er det eit spørsmål om pengar.

\*\*\*\*\*

## TILSETJINGAR

I KOMMUNEN

BOKN SKULE

Tilsette:

Liv Birkenes  
Jardar Havikbotn (også musikkleiar)  
Solveig Våga (Loten)- (vikar)  
Oddrun Håland (vikar)  
Inge Alvestad (Sløyd, vikar)

Slutta:

Olav Haga  
Arne Håberg

Permisjonar:

Svein Ivar Langhelle  
Arne Hosaas

TEKNISK ETAT

Slutta:

Steinar Bergsvik

HELSE- OG SOSIALETATEN

Permisjonar:

Marie Løvoll Faye  
Eva Brunborg Svendsen

Tilsette:

Gunn Grønnestad (vikar)  
Else Kristine Nilssen (vikar)  
Målfrid Langhelle (vikar)

## TREKNING AV LODDBØKER

BOKN BRASS

Gavekort: Otelie og Artur  
Aksdal.

Ryggsekk: Fam. Oskar Dirdal.

Plante: Fam. Juan Vila.

" Fam. Harald Bokneberg.

" Fam. Johan Medhaug.

Bokn Brass vil med dette takka alle som var med og støtta korpset.

Helsing

Styret

## SKULERUTA

	FRIDAGAR/FERIE	SKULED. PR. MND.	SKULED. I ALT
1986:	August 1.-15., 18.-19. (Pl.dagar)	8	8
	September	22	30
	Oktober 2.-6. (haustf.) 7. (Pl.)	19	49
	November	20	69
	Desember 22.-31.	15	84
1987:	Januar 1.-2.	20	104
	Februar 23.-27.	15	119
	Mars	22	141
	April 13.-21.	15	156
	Mai 1., 18., 28., 29.	17	173
	Juni 8.	14	187
- 2 planleggingsdagar			2
Skuledagar i alt :			185

Ferie:	Siste skuledag før:	Første skuledag etter:
Sommar:		Onsdag 20. august
Haut :	Onsdag 1. oktober	Onsdag 8. oktober
Jul :	Fredag 19. desember	Måndag 5. januar
Vinter:	Fredag 20. februar	Måndag 2. mars
Påske :	Fredag 10. april	Onsdag 22. april
Pinse :	Fredag 5. juni	Tirsdag 9. juni
Sommar:	Fredag 19. juni	

NB! I tillegg til ovanstående er det planleggingsdag den 20. oktober.

-----

### TEKNISK ETAT

#### SLAMTØMMING

Teknisk etat viser til tidligere utsendt rundskriv om tvungen slamtømming i kommunen. Gjennomføringen av ordningen må utsettes til 1987. De som likevel ønsker å få septiktanken tømt i år kan henvende seg til teknisk etat innen 15. oktober.

#### FEIING AV PIPER

Det vil ikke bli gjennomført ordinær feiing i år. De som likevel ønsker feiing av pipa kan henvende seg til Edvin Øvrebø, tlf. 74 85 90.

#### BARNETRIM

Den populære barnetrimmen er dessverre ikke startet i høst fordi aktivitetslederene måtte slutte.

For at barna fortsatt skal kunne ha dette tilbudet trenges det to nye ledere, og idrettslaget håper noen vil påta seg "jobben" snarest mulig. (Det foreligger instruksjonsbok og musikk-kassett som grunnlag for aktivitetene man kan drive med). Interesserte kan henvende seg til Hans Faye, tlf. 74 84 55.



TO TILSKOTSORDNINGAR VERT  
MED DETTE UTLYST

TELEFONTILSKOT

Søkjarar må:

- 1) Ha rett til alders- eller uførepensjon.
- 2) Ha nedsett førleik som gjer det vanskeleg å røra seg utandørs.
- 3) Bu åleine eller saman med andre som også fyller vilkåra for tilskot.
- 4) I tillegg til minstepensjon frå folketrygda , ikkje ha inntekt og/eller formue (bankinnskot o.l. ) større enn halve grunnbeløpet i folketrygda.

Det kan gjevast tilskot til:  
Innmeldingsavgift, abonnementsavgift, abonnement på tilleggsutstyr og flytting av telefonabonnement.

\*\*\*\*\*

BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- a) Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- b) Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- c) Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

Søknadsfrist for begge ordningane er 1. november 1986.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 32.

\*\*\*\*\*

VIL DU HA ET BAD?

Bokn Bygdeblad vil minne om at det er anledning for alle boknarar å benytte svømmehallen ved Karmøy videregående skole sammen med elever fra Bokn skole fram til den 15. desember. Hallen står til Bokns disposisjon mandager mellom kl.14.30 og 15.30. Westamaranen kommer innom Føresvik kl.13.45!



TV-aksjonen **HJELP UTEN GRENSER** skal gå av stabelen søndag den 19. oktober 1986.

Dette er den årvisse, landsomfattende TV-innsamlingsaksjonen som sjølv sagt også skal gjennomførast i Bokn. I år er det soknerådet som har tatt på seg oppgåva med den lokale aksjonen her i Bokn.

Det er den store hjelpeorganisasjonen **KIRKENS NØDHJELP** som i år er den organisasjonen som på landsbasis står for innsamlingsarbeidet, og som seinare vil disponera dei innkomne midlane til sitt omfattande hjelpearbeid rundt om i verda.

### **Kjem pengane fram?**

Ja. Kirkens Nødhjelp garanterer for at dei innsamla midlane når fram til dei som treng det. Berre 7% av årsbudsjettet går med til administrasjon her heime.

### **Kva skal pengane brukast til?**

Til prosjekt mot ørkenspreiing i Afrika. Til helse og jordbrukprosjekt i Asia. Til jordbruk, skule- og slumarbeid i Mellom Amerika. Til øyeblikkeleg hjelp i katastrofer som kan koma.

### **Men er det ikkje ein dråpe i havet?**

Jo. Men for den mora i Nepal som blir operert og får synet tilbake på KNS auge/helsestasjon er detein viktig dråpe.

For den nomaden i Mali som får såkorn slik at han så kan livberga seg og familien sin, er det ein viktig dråpe. For det barnet i Guatemala som får skulegang og vilkår til sjølv å ta hand om framtida si i eit valdsherja land, er det ein viktig dråpe.

For dei katastroferamma som nås tidsnok med mat, klær og medisin til å overleva, er det ein viktig dråpe. Om alle gir det dei har råd til under TV-aksjonen '86 skal dråpen bli ganske stor!

Innsamlingskomiteen i Bokn vil oppmoda folk om å støtta opp om aksjonen.

Bøssebærarane vil gå ut frå kl. 15.00 søndag den 19. oktober. Folk som ikkje er heime, kan nytta seg av den giroen som blir lagt att.

Det har tidlegare år vore gitt godt med pengar til slike TV-innsamlingar i Bokn. I fjor kom det inn kr. 24.955,- Det vil seia kr. 34,- pr. innbyggjar.

Fjernsynet vil frå kl. 11.00-kl. 23.00 søndag den 19. oktober senda eit variert program med informasjon og underhaldning.

**HJELP  
UTEN  
GRENSER**



NAMN \_\_\_\_\_

ADRESSE \_\_\_\_\_

**FOTPLEIE**

Det vert fotpleie fredag den 3. oktober. Påmelding til sosialkontoret, tlf. 74 85 32 snarast.

**ANDRE ARRANGEMENT**

BONDELAGET HAR ÅRSMØTE PÅ Bokn skule fredag den 3. oktober kl. 19.15.

**BINGO!**

**DANS**

Diskoteket har ope desse laurdagane i oktober:

4.10, 11.10, 25.10. Vaktliste er utsendt.

Bokn idrettslag arr. DANS laurdag den 18. okt. på Bokn skule. Musikk: JANS ORKESTER.

BOKN BRASS arrangerer bingo på Bokn skule fredag den 17. okt.



**tilbud:**

**13.5% RENTE**

**På SR-Høyrentekonto fra  
kr= 5000,-**

**4. FRIE UTTAK I ÅRET -  
OG SENFØLGELIG INGEN OPPSIGELSE!  
(11% FOR DE FØRSTE 50.000)**